

Svar på spørsmål frå representanten Vaktskjold Hamre (KrF)

Fylkesdirektør opplæring og kompetanse viser til spørsmål frå representanten Kristina Vaktskjold Hamre (KrF) om påbyggsklassar i Vestland fylkeskommune.

1. I sak 29/20 gjorde vi følgande vedtak.

«Fylkesutvalet syner til tidlegare vedtak om å ta ned kapasiteten på vg3 påbygging til generell studiekompetanse og ber fylkesrådmannen synleggjere kva tiltak som allereie er lagt inn i utlysing/justering av opplæringstilbodet og den økonomiske konsekvensen av dette slik at dette vert skilt ut som eit eige Koronatiltak». Kva er gjort ifbm. dette vedtaket?

Fylkesdirektøren viser til sak PS 28/20 *Eventuell omprioritering av budsjetttramma i sektoren for å auke talet på klassar i Vestland fylkeskommune skuleåret 2020/21*, handsama i hovudutval for opplæring og kompetanse 2. juni 2020. I saksutgreiinga heiter det m.a.:

Under budsjetthandsaminga i desember 2019 vedtok fylkestinget i sak PS 14/19 Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 mellom anna ein reduksjon i ramma til opplæringssektoren på 6 mill. kr. for gjenståande effekt av skulebruksplan/reduksjon i påbyggsklassar. Fylkesrådmannen varsla om at denne reduksjonen ville vere særdeles krevjande å realisere utan å rasere påbyggstilboden. Søkjartala til påbygg er høge og dersom denne effekten skulle vore henta ut no, ville mange søkerar blitt ståande utan skuleplass og/eller eit ytterlegare press på læreplassar. Situasjonen den siste tida vil truleg forsterke behovet for å oppretthalde eit tilbod på Vg3. Reduksjonen i budsjetttramma knytt til effekt av skulebruksplan/reduksjon i påbyggsklassar må difor realiserast som ein generell reduksjon i sektoren.

I sak om opplæringstilbod skuleåret 2020/21 blei tilboden på vg3 påbygging til generell studiekompetanse redusert med fire klassar i sørfylket. Fylkesdirektøren fann ikkje rom for å ytterlegare justere dette i sak om justering av opplæringstilboden 2020/21 som blei lagt fram til politisk handsaming i april 2020.

Det blei ikkje oppretta fleire klassar vg3 påbygging til generell studiekompetanse våren 2020. Tal søkerar til tilboden per 1. mars var høge, og fylkesdirektøren si vurdering er at det ikkje er naturleg å skilje desse tilboda ut som eigne koronatiltak.

2. Hvor mye koster ein påbygg klassene (PBPBY3)? Er det ulik kostnad på ulike skular?

Tildeling til vg3 påbygging til generell studiekompetanse har vore ulik i dei to tidlegare fylka på bakgrunn av ulike budsjettmodellar. Snittkostnad for desse klassane i Vestland fylkeskommune er om lag 1,5 mill. kr.

3. Er det ulike gjennomføringsgrad på dei ulike skulane?

Skuleåret 2019/20 fullførte og bestod i snitt 81 % av elevane på vg3 påbygging til generell studiekompetanse. Grad av fullført og bestått i alle fag varierer frå lågaste på 52 % til 100 %.